
Vår referanse 2020/36650-12
Dato 08.12.2021

Jogeir Romarheim
Leknesvegen 9
5915 Hjelmås

Svar - Byggjegrense - Fv. 5452 Leknesvegen - Bustad, garasje, mur og
vegtilkomst - Gnr 195 bnr 36 - Alver

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 01.11.21 frå Alver kommune.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg 5452 Leknesvegen. Eksisterande fritidsbustad på gnr. 195 bnr. 36 skal rivast og erstattast med ny bustad og garasje mm. Alver kommune ber om vedtak som gjeld byggjegrense langs veg. Vestland fylkeskommune ga førehandstilsegn for å byggje avkøyrsløse i brev av 03.12.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5452 for å oppføre bustad og garasje på gnr. 195 bnr. 36 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 27.07.2021.
2. Avstanden frå bygning (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5452 skal vera minst 15 meter. Tilkomsveg kan byggjast innanfor byggjegrensa som vist i situasjonsplan.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsløse må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5452.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikksikkerheit, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden 40 km/t, og årsdøgertrafikk er 1000 ÅDT. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. Rammeplan (2021 - 2024). Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til dispensasjon frå byggjegrense langs veg som omsøkt.

Vi viser til *Førehandstilsegn for avkøyrsla* som stiller krav om at avkøyrsla skal vere godkjent av Vestland fylkeskommune før nye byggearbeid vert sett i gang på tomta. Alver kommune har ikkje vedtatt naudsynte dispensasjonar for tiltaket. Vi tek atterhald dersom nye opplysningar kjem fram i saksprosessen, og viser til at Vestland fylkeskommune vil framleis ha klagerett på kommunen sitt vedtak i dispensasjonssaka.

Rettt til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
Isenioringeiør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4